



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/8064-3

## **Forvaltningsrevisjon - Tryggleik og beredskap - oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjøre slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 19. januar 2016 og orientering i kontrollutvalet 26. januar til vitande.
2. Frist for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14 vert sett til 31. desember 2016
3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 31. desember 2016.

#### Vedlegg:

- Rapport frå fylkesrådmannen datert 19. januar 2016 – Forvaltningsrevisjon – Tryggleik og beredskap

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap vart gjennomført i 2013 – 2014. Fylkestinget vedtok 11.6.2014 i FT-sak 7/14 følgjande:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon Tryggleik og beredskap til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 6 i rapporten
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for gjennomføring og plan for eventuelt vidare arbeid innan 31.12.14

Tilrådingane i kap. 6 i rapporten frå Deloitte:

1. *Sørgjer for at tryggleik og beredskap i større grad blir integrert i fylkeskommunen sitt styringssystem og system for internkontroll.*
2. *Tydeleg formidlar kva fylkeskommunen si rolle er knytt til tryggleik og bereskap, og kven som er viktige samarbeidspartar ved ei eventuell krise.*
3. *Innan kort tid gjennomfører risikoanalyse for fylkeskommunen, inkludert alle verksemadene, og sørgjer for at analysen blir følgt opp med naudsynte handlingsplanar og tiltak.*

4. *Ferdigstiller den overordna kriseplanen med handlingsplanar for identifiserte hendingar og vurderer om kriseplanen kan oppdaterast med meir utfyllande informasjon om fylkeskommunen sitt arbeid med tryggleik og beredskap.*
5. *Sikrar at skildringa i kriseplanen er i samsvar med praksis når det gjeld om kriseleiinga skal aktiviserast når fylkesberedskapsrådet blir aktivert.*
6. *Leggje fram kriseplan og eventuelt ROS-analysen for politisk nivå.*
7. *Etablerer overordna retningslinjer for korleis fylkeskommunen og verksemndene i fylkeskommunen skal arbeide med tryggleik og beredskap, herunder krav til risikoanalyesar, bereskapsplanar, øvingar, evalueringar, fordeling av ansvar og oppgåver, varsling, kommunikasjon, rapportering m.m.*
8. *Utarbeider ei rutine for skriftleg evaluering av øvingar og eventuelle hendingar slik at ein sikrar læring og forbetring i beredskapsarbeidet.*
9. *Sikrar at det går klårt fram av rutinane kva oppgåver den einskilde i kriseorganisasjonen sentralt og lokalt har ansvar for ved ei krise, og korleis oppgåvene skal utførast.*
10. *Sikrar at fylkeskommunen og dei einskilde verksemndene har tenlege varslingssystem, plan for krisekommunikasjon og gode loggføringsrutinar uavhengig av kva system ein legg til grunn.*
11. *Vurderer om einskilde medarbeidarar som har viktige rollar i kriseorganisasjonen, både sentralt og lokalt i verksemndene, har behov for opplæring i forhold til dei rollene dei er gjeve.*
12. *Ferdigstiller og godkjenner bereskapsplan for samferdsle.*
13. *Utarbeider ei oversikt over transportberedskapsbehovet i fylket, herunder eit samla oversyn over kaier som kan nyttast i tilfelle vegstengingar.*
14. *Setter tryggleik og beredskap som fast punkt på agendaen på dei årlege kontaktmøta mellom fylkeskommunen og transportselskapa.*

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok rapport med status for oppfølging av vedtaket og plan for vidare arbeid 10.2.2015. Utvalet handsama rapporten i KU-sak 14/15, og gjorde slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 10. februar 2015 frå fylkesrådmannen til orientering
2. Kontrollutvalet ber om orientering om status i KU-møte 25. august 2015 for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14.
3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 15. januar 2016.

Assisterande fylkesrådmann orienterte om status for oppfølginga i kontrollutvalsmøte 26. august 2015 (møtet vart flytta frå 25. august til 26. august). Følgjande vart protokollert etter orienteringa.

Assisterande fylkesrådmann ba om utsetting for oversikt over kaianlegg. Det er ikkje mogeleg å få denne oversikta klar til 1. september. Vil kome tilbake til dato seinare. Det er ynskje frå ass. frm å få kontrollsjefen med i arbeidet med å sette opp ein plan for oppfølgingsarbeidet med dette prosjektet fram til neste møte i kontrollutvalet.  
Kontrollutvalet og kontrollsjefen peikar på viktigheita av å ivareta uavhengigkeit i arbeidet for kontrollorgana, men stiller seg positiv til initiativet.

Assisterande fylkesrådmann og kontrollsjef møttest 22. september 2015 for å diskutere vidare framdrift i oppfølginga, og oppsummerte med at kontrollutvalet får ein rapport på nyåret 2016 med status for oppfølginga, og eventuell vidare framdrift.

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok rapport(datert 19. januar 2016) frå assisterande fylkesrådmann i framkant av møtet 26. januar 2016. I tillegg vart det orientert i møtet 26. januar om status og vidare framdrift.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

I nemnde notat og orientering frå assisterande fylkesrådmanne vert det vist til eit fortsatt fokus i oppfølginga av vedtak i FT-sak 7/14, der administrasjonen arbeider særleg med tilrådingane nr. 3, 4 og 13 i revisjonsrapporten. Dei øvrige tilrådingane er heilt eller delvis utkvitterte i følgje assisterande fylkesrådmann, og ein vil kome tilbake til desse i den endelege sluttrapporten.

Tilrådingane 3 og 4 omhandlar ROS-analyse, og omorganiseringa av sentraladministrasjonen er førande for framdrifta i utarbeidning av risikoanalysen. Fylkesrådmannen ber om ny frist for utarbeidning av ROS-analyse til 31. desember 2016. Fylkesrådmannen ber også om at ny frist for registrering av kaier vert sett til 31. desember 2016.

Kontrollsjefen ser det som viktig at dette arbeidet framleis har fokus, men at det også er vesentleg å gje rom for at prosessane vert gjennomførde i ein kronologisk rekjkjefølgje og at det vert gitt tid for at arbeidet kan gjennomførast på ein god måte. Kontrollsjefen vil rå til at kontrollutvalet gjev fylkesrådmannen frist til 31. desember 2016 for vidare oppfølging slik det er bedt om i notat datert 19. januar 2016 og i orienteringa 26. januar 2016.